

Vennesla dialekt- og mållag
Gamlevegen Kile 5
4720 Hægeland

Kulturdepartementet
Oslo

Høring om NRK-plakaten

Styret i Vennesla dialekt- og mållag har desse merknadene til innhaldet i plakaten:

Kanalane i NRK er ei viktig plattform for nynorsk målbruk. Derfor er det avgjerande at

- kravet om minst 25 % nynorsk blir gjennomført i alle kanalar.
- normert nynorsk tale må brukast i større mon enn no. Jf. kva Sylfest Lomheim har skrive m.a. i avisa Klassekampen i det siste. Det er viktig at skuleelevar med nynorsk som hovudmål kan få lytte til normert nynorsk på lik line med elevar som har bokmål som hovudmål. Dette vil i nokon mon jamne ut det skeive styrkeforholdet mellom dei to målformene.
- dialektfarga nynorsk må framleis ha rom, men det må ikkje vera slik at alle dialektbruk blir registrert som del av dei 25 % som skal vera nynorsk.
- nynorsk må få sin del av språkbruken på tekst-TV og på nettsidene.

Eit viktig vilkår for at NRK skal kunne gjennomføre / praktisere kravet om 25 % nynorsk, er at NRK stør utdanning av nynorskjournalistar. Desse journalistane utgjer grunnlaget for programproduksjonen både i NRK sentralt og ved distriktskontora. Distriktskontora er ein viktig del av programtilbodet og er for mange grunnlaget for at radioen står innstilt på NRK. Slik må det framleis vera.

Minst 35 % av musikken må vera norsk.

NRK må ta inn over seg ansvaret for at brukarar av både nord- og sørsamisk, kvensk og andre nasjonale minoritetsspråk får høre språket sitt i NRK-sendingar. Dette er særleg viktig for born og ungdom.

Hægeland, 25. august 2014

Oddvar Moen